



Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
200303511-6/146.310/JRAG 200304373-5/JD

Bergen, 29. august 2003

Forslag til lov om ny eining for innovasjon og internasjonalisering - høyring

Fylkesutvalet i Hordaland hadde saka føre i møte 28. august, og det vart gjort vedtak om følgjande fråsegn:

1. Fylkesutvalet peikar på at etter ansvarsreforma er det fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie arbeidet med regional utvikling. Den nye eininga må difor aktivt forhalde seg til fylkeskommunen som den leiande regionale aktøren.
2. Fylkesutvalet krev at det skal vere eit kontor i kvart fylke. Lova må difor innehalde eit krav om dette.
3. Fylkesutvalet krev at det blir regionale styre i kvart fylke som har kunnskap om regionen . Lova må difor innehalde eit krav om dette.
4. Fylkesutvalet føreset at interimstyret i den nye eininga får på plass ein sentral rammeavtale med fylkeskommunane om dei regional- og distriktpolitiske verkemidla.
5. Fylkesutvalet vil at partane i arbeidslivet skal vere representert i det regionale styret.

Kopi av særutskrift og saksutgreiing ligg ved.

Med helsing

Jan Per Styve
avdelingsdirektør



KOPI

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200303511
Arkivnr. 146.310
Sakshandsamar Moxnes, Hans Martin

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	27.08.03	212/03

**FORSLAG TIL LOV OM NY EINING FOR INNOVASJON OG
INTERNASJONALISERING - HØYRING**

Fylkesutvalet 27.08.03

Mali Grete N. Aksnes sette fram slikt forslag:

”Endringar:
til pkt. 2: - orda ”som hovudregel” går ut.

Nytt pkt. 4: - Fylkesutvalet føreset at interimstyret i den nye eininga får på plass ein sentral rammeavtale --- ”

Hans Otto Robberstad sette fram slikt forslag:

” 5. Fylkesutvalet vil at partane i arbeidslivet skal vera representert i det regionale styret. ”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmantnen sitt forslag pkt. 2 med Aksnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Aksnes sitt forslag til nytt pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Robberstad sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 5 røyster (H, Frp).

VEDTAK

1. Fylkesutvalet peikar på at etter ansvarsreforma er det fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie arbeidet med regional utvikling. Den nye eininga må difor aktivt forhalde seg til fylkeskommunen som den leiande regionale aktøren.

2. Fylkesutvalet krev at det skal vere eit kontor i kvart fylke. Lova må difor innehalde eit krav om dette.
3. Fylkesutvalet krev at det blir regionale styre i kvart fylke som har kunnskap om regionen . Lova må difor innehalde eit krav om dette.
4. Fylkesutvalet føreset at interimstyret i den nye eininga får på plass ein sentral rammeavtale med fylkeskommunane om dei regional- og distriktpolitiske verkemidla.
5. Fylkesutvalet vil at partane i arbeidslivet skal vere representerte i det regionale styret.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 29. august 2003

FYLKESTÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200303511
Arkivnr. 146.310
Saksh. Moxnes, Hans Martin

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	27.08.03

FORSLAG TIL LOV OM NY EINING FOR INNOVASJON OG INTERNASJONALISERING - HØYRING

SAMANDRAG

Stortinget handsama 18. juni 2003 St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidlar for et innovativt og nyskapande næringsliv. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å opprette ei ny eining for innovasjon og internasjonalisering.

Stortinget vedtok at eininga blir organisert som eit særlovsselskap. Den skal ha ansvaret for forvaltinga av dei næringsretta verkemidla som i dag ligg under Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Statens veiledningskontor for oppfinnere (SVO), Norges Turistråd og Norges Eksportråd.

Selskapet skal formelt opprettast 1. januar 2004. Dette vil skje når ei eiga lov trer i kraft.

Utkast til lova om det nye selskapet er sendt på ålmenn høyring, fylkeskommunane er ein av høyrringspartane, med svarfrist 1. september. Høyringa her gjeld i utgangspunktet berre sjølve særlova som trekkjer opp ramma for verksemda, men det er også forhold til fylkeskommunen si verksemd som blir omtala.

Eg meiner det er viktig å påpeike at det er fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie arbeidet med regional utvikling. Det er også viktig at den nye eininga for innovasjon og internasjonalisering har ein god distriktsprofil. Det er difor etter mi oppfatning naudsynt med regionale kontor og regionale styrer. Det bør ikkje vere opp til eininga sjølv å avgjere dette. Mykje av midlane eininga kjem til å ha tilgang til vil kome frå dei regional- og distriktpolitiske verkemidla som er forvalta av fylkeskommunane. Interimstyret i den nye eininga bør difor oppfordrast til å syte for ein sentral rammeavtale med fylkeskommunane.

På grunn av eit mistak i administrasjonen i sommar, har saka blitt liggjande. Sidan fråsegnsfristen er 1. september, rekk vi ikkje handsaming i komité for næring og utdanning.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet peikar på at etter ansvarsreforma er det fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie arbeidet med regional utvikling. Den nye eininga må difor aktivt forhalde seg til fylkeskommunen som den leiande regionale aktøren.
2. Fylkesutvalet krev at det som hovudregel skal vere eit kontor i kvart fylke. Lova må difor innehalde eit krav om dette.
3. Fylkesutvalet krev at det blir regionale styre i kvart fylke som har kunnskap om regionen . Lova må difor innehalde eit krav om dette.
4. Fylkesutvalet oppfordrar interimstyret i den nye eininga om å få på plass ein sentral rammeavtale med fylkeskommunane om dei regional- og distriktspolitiske verkemidla.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Høyringsbrev

FYLKESRÅDMANNEN, 26. august 2003:

Innleiing

Stortinget handsama 18. juni 2003 St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidlar for et innovativt og nyskapande næringsliv. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å opprette ei ny eining for innovasjon og internasjonalisering.

Stortinget vedtok at eininga blir organisert som eit særlovsselskap. Den skal ha ansvaret for forvaltninga av dei næringsretta verkemidla som i dag ligg under Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Statens veiledningskontor for oppfinnere (SVO), Norges Turistråd og Norges Eksportråd.

Selskapet skal formelt opprettast 1. januar 2004. Dette vil skje når ei eiga lov trer i kraft.

Utkast til lova om det nye selskapet er sendt ut på ålmenn høyring, fylkeskommunane er ein av høyringspartane, med svarfrist 1. september. Høyringa her gjeld i utgangspunktet berre sjølve særlova som trekk opp ramma for verksemda, men det er også forhold til fylkeskommunen si verksemd som blir omtala.

På bakgrunn av dei høyringsfråsegna departementet mottekk innan fristen, vil regjeringa fremme den nye lova ved ein odelstingsproposisjon hausten 2003.

Nærare om den nye eininga for innovasjon og internasjonalisering

Selskapet kjem til å forvalte ei rekke ordningar og tiltak som til saman utgjer ein vesentleg del av styresmaktene sine samla næringsretta tiltak. Saman med Noregs Forskingsråd blir eininga ein av dei to mest sentrale aktørane i det offentlege verkemiddelapparatet for næringslivet. Selskapet skal administrativt ligge under Nærings- og handelsdepartementet.

Den organisasjonsforma som er valgt gjer at staten blir eineeigar og at det ikkje kan skje sal av eigarinteresser til det private.

Eininga skal arbeide aktivt med utvikling av innovasjonssystem over heile landet og sjå innovasjon, regional utvikling og internasjonalisering i samanheng.

Eininga vil forvalte verkemiddel innanfor hovudkategoriane:

- Finansiering, så som tilskott-, låne-, garanti-, og eigenkapitalordningar
- Rådgiving og kompetansehevande tiltak
- Nettverk og infrastruktur
- Profilering av norsk næringsliv i utlandet

Distriktskontora

Det er sagt i høyringsnotatet at kontorstrukturen i hovudsak skal følgje fylkesstrukturen. Det er likevel lagt opp til at eininga sjølv skal avgjere talet på distriktskontor. Det er ikkje sagt noko nærmare om kva dette inneberer. Det er altså styrt i eininga som kan gjennomføre organisasjonsendringar når det er naudsynt. Det er derfor ikkje lovfesta korleis distriktsstrukturen skal sjå ut eller korleis kontora skal styrast.

Her er eg av den oppfatning at det bør leggast føringar slik at ikkje eininga blir meir sentralisert enn naudsynt. Det bør difor som hovudregel vere eit kontor i kvar fylke.

Departementet vurderer i høyringsbrevet å gå bort frå modellen med krav om styre på distriktsnivå. Dei seier at det bør vere opp til eininga sitt hovudstyre om ein skal ha regionale styrer ved dei forskjellige kontora, og korleis desse skal settast saman.

Dette er eg ikkje samd i. Det er viktig å oppretthalde regionale styrer som har kunnskap om regionen og har tett kontakt med det lokale kontoret til eininga. Lova bør difor innehalde eit krav om at det skal vere regionale styre knytt til dei enkelte kontora.

Forholdet mellom eininga og fylkeskommunen

I høyringsnotatet er det sagt følgjande om tilhøvet mellom innovasjonseininga og fylkeskommunen:

"I lovutkastet foreslås det at samarbeidet mellom selskapet og fylkeskommunene skal være avtalebasert. I avtalene vil det bl.a. være naturlig å ta inn målsettinger for og ressurser i samarbeidet i tillegg til organisering av samarbeidet. SND og fylkeskommunene har et slikt avtalebasert samarbeid i dag. Det vil være naturlig å videreutvikle dette i det nye selskapet, men avtalene må baseres på at fylkeskommunene nå har en tydeligere rolle som regionalpolitiske utviklingsaktører (jf. St.meld. nr. 19 (2001-2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå). Denne rollen innebærer at fylkeskommunene skal stå i spissen for regionale partnerskap og være en strategisk aktør i den regionale utviklingen. Det offentlige virkemiddelapparatet vil i stor utstrekning være utførende aktør for bedriftsrettede aktivitetar."

Her trur eg det er på sin plass å påpeike i høyringssvaret at etter ansvarsreforma er det fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie den regionale utviklinga. Den nye eininga må difor forhalde seg til fylkeskommunen som den leiande regionale aktøren.

Det er oppretta eit interimstyre for den nye eininga. Mykje av midlane til det SND vi kjenner i dag kjem frå dei regional- og distriktpolitiske verkemidlra som er forvalta av fylkeskommunane. Det er viktig at desse midlane går gjennom fylkeskommunane også i tida framover. På den andre sida er det viktig at den nye eininga, for å skape trygge rammevilkår for drifta, raskast mogleg får på plass både ein sentral rammeavtale om midlane med fylkeskommunane, og etter kvart avtalar med kvar enkelt fylkeskommune.

Oppsummering og konklusjon

Det er etter mi oppfatning viktig at vi gjev eit høyringssvar til departementet som inneheld følgjande fire punkt:

- Etter ansvarsreforma er det fylkeskommunen som er ansvarleg for og skal leie den regionale utviklinga. Den nye eininga må difor forhalde seg til fylkeskommunen som den leiande regionale aktøren.
- Ein må oppretthalde regionale styre, med kunnskap om regionen. Lova bør difor innehalde eit krav om at det skal vere regionale styre knytt til dei enkelte kontora.
- Det skal som hovudregel vere eit kontor i kvart fylke. Lova bør difor innehalde eit krav om at det skal vere eit kontor i kvart fylke.
- Interimstyret i den nye eininga må få på plass ein sentral rammeavtale med fylkeskommunane om dei regional- og distriktpolitiske verkemidlane.